

Årsmelding 2019



VESTLANDSFORSKING

Vestlandsforskning er eit forskingsinstitutt som utfører forskings- og utviklingsoppdrag for næringsliv og offentleg sektor. Ved instituttet er det 34 tilsette og stiftinga er lokalisert ved Fosshaugane Campus i Sogndal. Instituttet har ein tverrfagleg profil og har tre hovudforskningsområde som er klima og miljø, reiseliv og teknologi og samfunn. Instituttet har lange tradisjonar med internasjonalt forskningssamarbeid, og forskinga er godt forankra i regionen.

Overordna mål

Vestlandsforskning skal vere eit regionalt forankra forskingsinstitutt på den nasjonale og internasjonale FoU-arenaen. Vi skal vere ein føretrekt partner og levere kunnskap som møter samfunnsutfordringar og bidreg til innovasjon og berekraftig utvikling.

Visjon

Kunnskap for eit ope og berekraftig samfunn

Verdigrunnlag

Vidsynt: Vi er i fagleg front, engasjerte, nysgjerrige, kreative, nyttar ulike fagdisiplinar og er opne for ulike perspektiv.

Ansvarleg: Vi utfører forskning på høgt internasjonalt nivå som er relevant for oppdragsgjevarane.

Samarbeidsvillig: Vi er opne i møte med andre og opptekne av å bidra til gode løysingar.

Finansiering

Prosjektinntektene finansierer den ordinære drifta i Vestlandsforskning. Tilskot i form av grunnløyvingar blir nytta til fagleg utvikling, kvalitetssikring, nettverksbygging og prosjektutvikling. Ved etableringa av stiftinga 13. mars 1985 av Sogn og Fjordane fylkeskommune, gjekk fylkeskommunen, Kommunaldepartementet og 62 bankar, bedrifter, kommunar og organisasjonar i fylket inn med eit grunnfond på 4 millionar kroner.


Organisering

Instituttet er organisert som stifting og blir leia av eit styre samansett av sju medlemer. Vestland fylkeskommune vel fleirtalet av desse. Styreleiar er Aleksander Øren Heen. Direktør Anders-Johan Almås utfører den daglege leiinga av instituttet. To forskingsleiarar og to administrative gruppeleiarar er i leiargruppa.

Kvalitetssikring

Kvalitetssikring skjer gjennom fagleg rettleiing og kontroll, og ved eit eige, internt system for kvalitetssikring av prosjektgjennomføringa.

Styring og leing av instituttet



Forskingssområde

Forskarmiljøet ved instituttet har fleirfagleg samansetting med størst vekt på klima- og miljøfag. Arbeidet skjer både innanfor og på tvers av faggrupper. Instituttet har tre faglege hovudområde: 1) Klima og miljø, 2) Reiseliv og 3) Teknologi og samfunn.

KLIMA OG MILJØ

- Klimatilpassing
- Industriell økologi
- Lokal klima- og miljøpolitikk
- Natur- og miljøforvaltning
- Energi og transport

REISELIV

- Digitalisering
- Opplevingsturisme
- Berekraftig reiseliv

TEKNOLOGI OG SAMFUNN

- Digitalisering i offentlig sektor
- Kultur, identitet og teknologi
- Regional utvikling
- e-Helse
- Stordata (Big Data)

Vestlandsforskning, Postboks 163, 6851 Sogndal

Telefon: 906 33 600

E-post: post@vestforsk.no - Nettside: www.vestforsk.no

Årsmelding 2019 - Vestlandsforskning

Oppdrag

Forskarane arbeidde med 73 prosjekt i 2019. 20 nye prosjekt blei oppretta. Oppdraga fordelte seg slik etter storleik:

Prosjektstorleik i tusen kroner (totalt)	Tal prosjekt	Del av omsetninga i % i 2019	Nye prosjekt 2019
0-500	32	11	10
501-2000	21	24	6
2001-5000	14	37	3
>5000	6	28	1

Mange av forskingsprosjekta går over fleire år, og dei blir i stor grad utførte i samarbeid med andre FoU-miljø, andre fagmiljø og oppdragsgjevarar både i regionen, i landet elles og internasjonalt.

Omsetnad og finansiering

Omsetnaden i 2019 var på 38,7 millionar kroner. Grunnløyvinga frå Noregs Forskingsråd utgjorde 12,2% av inntektene og grunnløyvinga frå fylkeskommunen utgjorde 2,1% av inntektene. Oppdragsinntektene stod for 85,7% av omsetnaden.

Oppdraga fordeler seg slik etter oppdragsgjevar/finansieringskjelde (i prosent) dei siste åra:

	2019	2018	2017	2016	2015
EU/utland	10	13	10	18	20
Forskingsråd/RFF	43	52	47	35	21
Kommune/fylkeskommune	31	12	22	30	36
Statsforvaltning	14	10	16	13	14
Næringsliv og organisasjonar	2	7	5	4	9

Oversikta viser omsetnad etter oppdragsgjevarar, men gir ikkje eit bilete av kva brukarar eller tema prosjekta er retta inn mot. EU-kommisjonen, Norges forskingsråd, Regionalt forskingsfond Vestlandet og statsforvaltninga er oppdragsgjevarar for ei rekkje prosjekt retta mot næringslivet og kommunesektoren.

Kommunar og næringsliv

Instituttet har tradisjonelt samarbeidd mykje med kommunar i tidlegare Sogn og Fjordane fylke og elles i landet. Også i 2019 har instituttet hatt mykje å gjere med kommunar, KS og fylkeskommunar. I enkelte prosjekt er kommunane oppdragsgjevarar, i andre har dei rolla som leverandør av primærdata eller utprøvingkommune. Tema for samarbeid i 2019 har mellom anna vore velferdsteknologi, digitalisering, reiseliv og klimaomstilling.

Næringslivet har medverka i prosjekta ved instituttet i 2019. Verksemdene er frå ulike bransjar og varierer i storleik, frå einmannsbedrifter til større verksemdar.

Prosjektaktivitet

Prosjektarbeid er kjerneaktiviteten ved instituttet. Dei tre faglege hovudområda ved Vestlandsforskning er klima og miljø, reiseliv og teknologi og samfunn. Instituttet har god aktivitet på alle dei faglege områda, med ein sunn balanse mellom kortsiktige og langsiktige prosjekt, og eit breitt utval samarbeidspartnarar og finansieringskjelder. Her er eit utdrag av det som har skjedd i 2019.

Klima og miljø

2019 har vore et spesielt år for klima- og miljøgruppa. Grunna høg inngang av prosjekt og løyvingar til klimatilpassingssenteret Noradapt, har gruppa tilsett tre nye medarbeidarar, i tillegg til professor Benjamin Sovacool, som er gjesteforskar. Samstundes mista vi vår kjære kollega Otto Andersen, som døydde i romjula 2019 etter å ha vore sjuk ein kort periode.

Vestlandsforskning leiar eit stort, fire-årig europeisk prosjekt som starta opp i 2019 – [“Unpacking climate impact chains. A new generation of action- and user-oriented climate change risk assessments” \(UNCHAIN\)](#) med løyving frå ei felleseuropeisk utlysing (JPI Axis). Dei norske partnarane får finansiering frå Forskningsrådet. Prosjektet tek i bruk og vidareutviklar ein metode kalla verknadskjede-analyse for å kartlegge korleis klimaendringar påverkar samfunnet. Prosjektet har partnarar i sju europeiske land og legg opp til omfattande brukarmedverknad.

To andre fleirårige prosjekt leia av andre partnarar, starta òg opp i 2019: 1) [Norwegian Centre for Energy Transition Strategies \(NTRANS\)](#) er eit av to senter som har fått status som nytt forskingssenter for miljøvenleg energi (FME) i 2019. Senteret sin aktivitet går over 8 år og er leia av NTNU. Senteret omfattar 30 brukarpartnarar frå næringsliv og forvaltning og ti internasjonale partnarar frå verdsleiande forskingsmiljø. Når vegen mot nullutslepp-samfunnet skal stakast ut, vil senteret ha eit tverrfagleg fokus på konsekvensane av endringane som må til, innan energikjelder og forbruk. Forskinga har som mål å vise korleis denne omstillinga kan skje rettferdig og demokratisk.

2) Prosjektet [Tettstedspakker for attraktiv, inkluderende og klimavennlig stedsutvikling](#) starta opp på tampen av 2018, men kom ikkje med i årsmeldinga for 2018. Hovudmålet med prosjektet er å utvikle ein metodikk for samordning av areal-, transport- og sentrumspolitikk som fremmar ei god utvikling i norske tettstader. Prosjektet er fagleg leia av Transportøkonomisk institutt. Kommunane Bø og Sauherad (Midt-Telemark kommune frå 2020) er prosjekteigarar, og finansieringa kjem frå brukarane og RFF Oslo.

Vestlandsforskning leiar i tillegg fire andre mindre prosjekt som starta i 2019, og av desse er tre knytte til NORADAPT: 1) [Utpøving av to verktøy for analyse av klimarisiko og kost-nytte vurdering av klimatilpassing innen drift og vedlikehold av veier](#). Oppdraget var finansiert av Statens Vegvesen og vart utført i samarbeid med Menon Oslo Economics. 2) [Klimatilpassing i Norges nasjonalparkkommuner](#), på oppdrag frå Norges nasjonalparkkommuner, med finansiering frå Miljødirektoratet. 3) [Utredning av konsekvenser av klimaendringar på natur og samfunn i Rogaland - utfordringer, muligheter og prioriteringer](#), med CICERO og Norsk Klimaservicesenter som partnar, og med finansiering frå Rogaland fylkeskommune. I tillegg starta det nyskapande prosjektet 4) [Talking in the rain. An entertaining show about the weather \(RAINTALK\)](#) opp i 2019. Prosjektet er en serie performative talkshow der deltakarane utforskar forskingsresultat i eit språk og format som gjer det tilgjengeleg utanfor academia, og prøver å finne ut av kva som skal til for at vi faktisk tek til å handle i forhold til det vi veit om klimaendringane. Prosjektet er eit samarbeid mellom Vestlandsforskning, Ferske Scener i Tromsø og kunstnarkollektivet Reality Research Center i Helsinki, med live-innslag frå folk andre stader i verda. Finansieringa kjem frå Forskningsrådet sitt KLIMAFORSK-program.

Reiseliv

Instituttet har over fleire år hatt ei strategisk satsing på reiselivsforskning og eit nært samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane, særleg gjennom det strategiske forskingsprogrammet for innovasjon og verdiskaping i reiselivet i Sogn og Fjordane (Reiselivsprogrammet, 2014–2019). Programmet var ei historisk stor satsing på reiselivsforskning i fylket. Finansieringa kom frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, Innovasjon Norge, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og ei rekke reiselivsbedrifter i fylket.

I 2019 har aktiviteten hjå VF mest vore knytt til kulturbasert reiseliv og særleg ei brukarevaluering hjå Førdefestivalen sommaren 2019. Målet med det femårige programmet har vore å utvikle eit forskingsmiljø og utdanningstilbod gjennom samarbeid mellom Vestlandsforskning og Høgskulen på Vestlandet (HVL) på internasjonalt nivå, der fagmiljøet gir reiselivet i regionen eit konkurransefortrinn. For HVL har programmet i tillegg til forskingsprosjekta ført utvikling av eit nytt masterstudium der reiseliv er sentralt. Studiet vart godkjend av NOKUT og styret i HVL ved årsskiftet, og dei første studentane startar i 2020. Hjå VF har aktiviteten både styrka reiselivsforskinga og ført til spinn-off-prosjekt med finansiering frå andre kjelder.

Hausten 2019 fekk vi finansiert eit større prosjekt om kulturbasert reiseliv gjennom Forskningsrådet sitt BIA-program. Prosjektet fekk ei løysing på 2,5 millionar kroner og skal gjennomførast saman med 11 verksemder i Sunnfjord. Det bygger direkte på arbeidet med Førdefestivalen 2019 og er ei direkte følgje av det tidlegare

omtalte reiselivsprogrammet. Også andre spinn-off prosjekt har kome i gang, og det strategiske programmet for reiselivsforskning i Sogn og Fjordane har såleis hatt god effekt.

Teknologi og samfunn

Gruppa har arbeidd med ei lang rekkje prosjekt i 2019 – alt frå store, langsiktige og strategiske prosjekt til mindre oppdragsprosjekt. Prosjekta har brukarar og finansieringskjelder både regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

Prosjektet Teknoløft Sogn og Fjordane, der Vestlandsforskning samarbeider med Høgskulen på Vestlandet, er eit strategisk, langsiktig prosjekt som både skal utvikle kapasitet og endå meir næringsretting ved Vestlandsforskning, i tillegg til å mobilisere til, og gjennomføre, vesentleg meir FoU i næringslivet i Sogn og Fjordane. Prosjektet er 6-årig og er knytt til FORREGION-programmet til Forskringsrådet. Det er mellom dei største løyvingane frå Forskringsrådet til FoU-miljøa i Sogn og Fjordane nokon gong. Sparebankstiftinga i Sogn og Fjordane er òg med på å finansiere Teknoløft. Vestlandsforskning har om lag 17 millionar kroner i budsjett. Ein doktorgradsstipendiat er i gang hjå VF og i tillegg 3 forskarar. Tematisk innretting for VF er stordata og plattformar for bruk av desse i regionalt næringsliv. Temaet er knytt til utvikling av ei større forskingsgruppe for stordata ved VF. Det byggjer dessutan på ei rekkje større, internasjonale prosjekt vi har i EU sitt forskingsprogram Horizon 2020.

Vestlandsforskning har vore sekretariat og pådrivar i det regionale nettverket IT-forum Sogn og Fjordane sidan 1996. Nettverket er ei viktig plattform for samarbeid i regionen, og ein arena for strategiutvikling og prosjektsamarbeid med regionale styresmakter, kommunar, næringsliv og andre organisasjonar i fylket. Tematiske arbeidsområde er breibandutbygging i ikkje-kommersielle område, e-helse og særleg velferdsteknologi, digitalisering i offentleg sektor og IT i oppvekst og utdanning, inkludert ei eiga satsing på å utvikle ei ny IT-utdanning ved HVL Campus Førde. Ei lang rekkje organisasjonar er med i arbeidet i IT-forum, og det utløyser både oppdrag for næringsliv og kommunar. I oktober 2019 vart IT-forum Sogn og Fjordane gjort om til IT-forum Vest og skipa som ei eiga foreining av 14 organisasjonar frå privat og offentleg sektor i Sogn og Fjordane. I 2019 har samarbeidet med tidlegare Hordaland fylke teke seg opp, og i løpet av 2020 skal IT-forum Vest dekke meir av Vestland fylke.

Sidan 2014 har VF, gjennom IT-forum, arbeidd med velferdsteknologi i kommunane i Sogn og Fjordane, særleg med fornyingsmidlar frå Fylkesmannen som finansiering. Temaet får no mykje merksemd i kommunane. Velferdsteknologi er ei av løysingane som skal gjere helse- og omsorgssektoren i stand til å halde kvaliteten på tenestene oppe i åra framover, trass i at fleire vil trenge pleie- og omsorgstenester og at talet på helsepersonell samtidig er venta å gå ned. I tillegg vil velferdsteknologi kunne heve kvaliteten på tenestene. Satsinga på velferdsteknologi er tydeleg forankra i NOU-ar og stortingsmeldingar som legg føringar for kommunale helse- og omsorgstenester. Nasjonalt velferdsteknologiprogram er eitt av fundamenta i kvalitetsreforma for eldre – «Leve heile livet». Her har også alle kommunane i Sogn og Fjordane kome med, ut frå fylkessamarbeidet sidan 2014. Velferdsteknologi, avstandsoppfølging og andre digitale verktøy vil òg vere til stor nytte i krisesituasjonar som Covid-19-pandemien ved å bidra til å trygge brukarar av helse- og omsorgstenestene, hindre smittespreiing og frigjere tid for helsepersonell.

Eit anna viktig temaområde er teknologi og mangfald, med særleg vekt på jenter og kvinner i teknologifag og teknologiutdanning. Gruppa har eit stort prosjekt med nordiske kunnskapsmiljø finansiert av Nordforsk, eit forskingsprogram knytt til Nordisk Ministerråd. Prosjektet Nordwit er definert som Nordic Centre of Excellence. Prosjektet Kvinneløftet FixIt skal stimulere til auka rekruttering av jenter og kvinner i teknologifag og er finansiert av Forskringsrådet. VF har utvikla materiell for kunnskapsformidling og halde seminar i Førde, Sogndal og Bergen i 2019.

Internasjonalt samarbeid

Vestlandsforskning legg stor vekt på internasjonalt forskningssamarbeid. I 2019 hadde Vestlandsforskning ei rekkje prosjekt med samarbeid med forskarar i andre land. Desse prosjekta er gjerne større prosjekt som går over fleire år. Forskarar frå instituttet heldt og ei rekkje innlegg på internasjonale konferansar/seminar i fleire land i 2019.

I 2019 starta to nye EU-prosjekt med finansiering frå Horisont 2020-programmet. Det eine forskingsprosjektet dreier seg om stordata i transportsektoren, og VF leiar prosjektet. Det andre er innan bioøkonomi, og VF har ansvar for ein av arbeidspakkane.

Publisering, formidling og informasjon

Forskarar ved Vestlandsforskning har i 2019 publisert 34 vitenskaplege artiklar i bøker og vitenskaplege tidsskrift med fagfelleevaluering.

Instituttet har gitt ut 14 VF-rapportar og 5 VF-notat i 2019. Forskarane har halde foredrag, inkl. framlagde artiklar og foredrag utgitt i konferanserapportar. I tillegg kjem vitenskaplege artiklar publiserte i fagtidsskrift, kronikkar og andre innlegg i ulike medium. Vestlandsforskning var arrangør eller medarrangør av fleire heildagskonferansar. I tillegg har instituttet arrangert kortare seminar om ulike tema.

Publisering	2019	2018	2017	2016	2015
Vitenskaplege artiklar/bøker med fagfelleevaluering	34	33	24	31	31
VF-publikasjonar	19	8	19	12	16
Foredrag/undervising/artiklar	87	88	68	64	75
Artiklar i bøker/tidsskrift	6	2	3	2	2

Personale og kompetanseutvikling

Det vart utført 28,1 årsverk ved instituttet i 2019. Ved utgangen av året hadde instituttet 34 tilsette, 31 forskarar og 3 administrativt tilsette. I løpet av 2019 blei heile administrasjonen skifta ut, ettersom to gjekk av med pensjon og direktør Merete Lunde slutta for å gå over i ei stilling hjå Noregs Forskingsråd. Instituttet har prioritert sosiale fellesaktivitetar ved å gjennomføre aktivitetar på instituttnivå, gjennom Tastaturlaget, i gruppene og på personnivå. Instituttet har hatt ei fadderordning for dei nytilsette. Traineen har hatt ein fagleg mentor.

Ved utgangen av 2019 var det 18 tilsette ved instituttet med doktorgradskompetanse (forskar II). Fire av desse har professorkompetanse (forskar I). To tilsette har arbeidd med doktorgrad i 2019. Vi har eit mål om at 50% av forskarane har doktorgrad og er godt over målalet. Ein av forskarane ved Vestlandsforskning har i 2019 hatt ei 20% stilling som professor i berekraftig utvikling ved HVL. Kvinner utgjer 38 % av forskarstaben og 40 % av dei tilsette ved Vestlandsforskning. Instituttet har eit internasjonalt arbeidsmiljø med forskarar frå land som Sør-Korea, India, Vietnam, Polen, Iran, Tyskland og Sverige.

Det er i 2019 gjennomført ei rekkje internprosjekt, seminar og andre aktivitetar som ledd i instituttet sitt eige utviklingsarbeid. Desse har både fagleg karakter og karakter av system- og instituttutvikling.

Instituttet legg til rette for fleksibel arbeidstid, høve til redusert stilling og fleksibilitet i arbeidet med heimekontorløysing. Vestlandsforskning har i 2019 hatt eit sjukefråvær på 5,2%. Det har vore to langtidssjukemeldingar. Instituttet arbeider for eit godt arbeidsmiljø og for å førebygge sjukefråvær gjennom HMS- og IA-arbeid, internseminar og bedriftsidrettslag. Vi skal vere ein arbeidsplass der medarbeidarane har rom for å utvikle seg og kollegiet sitt til beste for instituttet. Vestlandsforskning har som mål å legge til rette for at tilsette kan kombinere ein forskarkarriere og familieliv på ein god måte.

Miljøfyrtårnbedrift

Vestlandsforskning er Miljøfyrtårn-bedrift. Vi har i fleire år arbeidd målretta med å redusere miljøulempene ved instituttet på prioriterte område i drifta. På kontor-sida er tiltak som tosidig utskrift, miljøvennlege innkjøp, energisparing, avfallssortering og liknande innført og ført vidare frå tidlegare år. Klimagassutslepp ved reising er den største miljøutfordringa for instituttet. Difor er meir bruk av digitale møte ei viktig satsing.

Vestlandsforskning skal vere synleg og tilgjengeleg for oppdragsgjevarar og samarbeidspartnarar. Vi har brukt videomøte og videostrøyming for å redusere reiseaktiviteten både for oss sjølve og for samarbeidspartnarar, og vi arbeider kontinuerleg for å fremje slike løysingar.

Oversikt – Flyreiser

		2019	2018	2017	2016	2015
Tal reiser per år	Utland	38	118	112	97	112
	Innland	208	182	224	232	220
Tal reiser per årsverk per år	Utland	1,4	4,6	3,9	4,1	4,7
	Innland	7,4	7,1	9	9,9	9,5
Flyreise km per årsverk	Utland	3340	4576	5470	5343	8897
	Innland	2253	2053	2294	2656	2478
Samla utslepp av CO ₂ -ekvivalentar		23 tonn	33 tonn	37 tonn	36 tonn	48 tonn

Strategi 2016 – 2020

Vestlandsforskning vedtok strategi for perioden 2016 – 2020. Strategien består av eit hovudmål og sju delmål med tilhøyrande måltal/nivå og tiltak. Arbeidet med strategiplan for 2021-2025 er starta opp i 2020. Fram til ein ny strategiplan er utarbeidd, vil strategiplanen for perioden 2016-2020 vere gjeldande.

Hovudmål:

Vestlandsforskning skal vere eit regionalt forankra forskingsinstitutt på den nasjonale og internasjonale FoU-arenaen. Vi skal vere ein føretrekt partner og levere kunnskap som møter samfunnsutfordringar og bidreg til innovasjon og berekraftig utvikling

Hovudmålet skal realiserast gjennom følgjande sju komplementære delmål:

- 1. Relevans.** Vestlandsforskning skal drive forskning på felt av interesse for næringsliv, forvaltning eller samfunnsliv, og gje tydelege bidrag til å løyse utfordringane knytt til samfunn og innovasjon.
- 2. Kvalitet.** God fagleg og vitskapeleg kompetanse uttrykt ved publisering og god utteljing på prosjektsøknadar
- 3. Sterkt fagmiljø.** Vi skal ha sterke fagmiljø på dei prioriterte fagområda som posisjonerer oss både på den regionale, nasjonale og internasjonale forskingsarenaen og ha reell kompetansebygging i eit tilstrekkeleg stort tverrfagleg miljø. Instituttet skal vere økonomisk robust.
- 4. Mangfald.** Ha fleire finansieringskjelder, både regionale, nasjonale og internasjonale, og ha god balanse mellom små og store oppdrag, både med langsiktig og kortsiktig perspektiv.
- 5. Samarbeid.** Vi skal dekke eit regionalt og nasjonalt behov og inngå i hensiktsmessig arbeidsdeling med andre nasjonale og internasjonale FoU-miljø innanfor våre forskingsområde. Vi skal vere føretrekte partner på utvalde område.
- 6. Attraktiv.** Vere ein attraktiv arbeidsstad i et innovativt og utviklande tverrfagleg miljø, der medarbeidarane kjenner tilhøyrighet og er stolte av Vestlandsforskning.
- 7. Formidling.** Drive forskingsformidling som gir læring og effektar, ha god dialog med relevante grupper, vere synleg og ha godt omdømme regionalt, nasjonalt og internasjonalt, og vere ein ettertrakta samarbeidspartner.

Strategiane er styrande for årleg budsjettprioritering og skal vere gjenkjenneleg i alle delar av verksemda.

Styret sitt arbeid

Det har vore gjennomført seks styremøte i 2019. Styret har prioritert arbeidet med oppfølging av regionreforma.

STYRE OG LEIING

Styre 2019:

Trude Brosvik, styreleiar
Nils P. Støyva, nestleiar
Oddgeir Osland
Solveig Willis
Arve Sandal
Yngve Hallen
Svein Ølnes, tilsettrepresentant

Varamedlemer

Sigurd Reksnes
Marit Aakre Tennø
Svein Ove Slinde
Erik Kyrkjebø
Olaug Hana Nesheim
Benedicte Carlsen (for Oddgeir Osland)
Hilde Corneliussen (for Svein Ølnes)

Nytt styre 2020:

Medlemer

Aleksander Øren Heen, styreleiar
Silja Ekeland Bjørkly, nestleiar
Camilla Schreiner
Erik Kyrkjebø
Synnøve Aabrekk
Arve Sandal
Svein Ølnes, tilsettrepresentant

Varamedlemer

Emil Gadolin
Tone Fløtten
Svein Ove Slinde
Kristin Rundsveen
Kathrin Jakobsen
Kristin Maurstad
Hilde G. Corneliussen (for Svein Ølnes)

Dagleg leiing

Direktør Merete Lunde (til mai 2019)
Konst. direktør Hans Jakob Walnum (1. mai til 23. sept.)
Direktør Anders -Johan Almås (tilsett 23. sept. 2019)

Miljøgruppa

Forskingsleiar Halvor Dannevig
Gruppeleiar Hans Jakob Walnum

IT-gruppa

Forskingsleiar Ivar Petter Grøtten
Gruppeleiar Torkjel Solbraa

PERSONALE

Rajendra Akerkar, forskar I
Carlo Aall, forskar I
Hilde Corneliussen, forskar I
Stefan Gössling, forskar I og forskingskoordinator

Halvor Dannevig, forskar II, forskingsleiar Miljø
Ivar Petter Grøtten, forskingsleiar TekSam
Hans Jakob Walnum, forskar II og gruppeleiar miljø
Torkjel Kristiansen Solbraa, forskar III og gruppeleiar TekSam

Eivind Brendehaug, forskar II
Ragnhild Frøeng Dale, forskar II
Kyrre Groven, forskar II
Minsung Hong, forskar II
Gilda Seddighi, forskar II
Torunn Gauteplass Hønsi, forskar II
Øyvind Heimset Larsen, forskar II
Anna Maria Urbaniak-Brekke, forskar II
Svein Ølnes, forskar II
Otto Andersen, forskar

Karen Richardsen Moberg, forskar III og Phd stipendiat
Agnes Brudvik Engeset, forskar III og Phd stipendiat
Daniel Furberg, forskar III og Phd-stipendiat

Idun A. Husabø, forskar III og kommunikasjonsansvarleg
Bård Huseby, forskar III
Guttorm Flatabø, forskar III
Tone Rusdal, forskar III
Morten Simonsen, forskar III
Ida Tidemann-Andersen, forskar III/EU-rådgjevar Nytilsette i 2019

Hoang Long Nguyen, forskar II frå 01.09.2019
Mari Hanssen Korsbrekke, forskar III frå 01.06.19
Marta Karoline Jansen, forskar III frå 01.09.19
Torbjørn Selseng, trainee frå 05.09.2019
Silje Vatløstad, økonomirådgjevar frå 01.04.2019
Monica Brugrand, HR-konsulent frå 01.04.2019
Anders-Johan Almås, direktør frå 22.09.2019

Styret si vurdering

Vestlandsforskning fekk nytt styre i mars 2020, og det nye styret si melding for 2019 er gitt på bakgrunn av dette. Vestlandsforskning har i 2019 hatt aktivitet på alle dei tre faglege hovudområda klima og miljø, reiseliv og teknologi og samfunn. Områda er relevante for både næringsliv, offentleg forvaltning og samfunnslivet generelt. Styret er nøgd med aktiviteten og ser at strategien er følgt opp, og meiner at instituttet er godt posisjonert for oppdragsmarknaden framover. Vestlandsforskning bidreg med kunnskap for å møte dei store samfunnsutfordringane og til innovasjon og berekraftig utvikling.

Regional rolle

Instituttet har sidan 80-talet hatt ei viktig rolle i Sogn og Fjordane. Det har utvikla seg til eit godt verkøy i regional utvikling, som kunnskapsleverandør, kunnskapsbyggjar, nettverksaktør, brubyggjar til andre fagmiljø og som strategisk partner. Sogn og Fjordane blei til Vestland fylke saman med Hordaland i 2020, og i 2019 har instituttet hatt fleire aktivitetar og møtepunkt med dei to fylkeskommunane. Styret meiner det er viktig at instituttet held fram med å ha tett dialog og samarbeid med fylkeskommunane, for å sikre at det nye stor-fylket både nyttar og legg til rette for det regionale instituttet som eit viktig verkøy for utvikling også i fortsettinga. IT-forum Sogn og Fjordane har vore eit langsiktig prosjekt i Vestlandsforskning. Hausten 2019 blei det stifta ei foreining ut frå prosjektet – IT Forum Vest. Den nye foreininga IT Forum Vest vil bli ei viktig plattform for samarbeid i nye Vestland fylke. Styret er positiv til instituttet sin aktivitet i nettverket.

Store satsingar

Vestlandsforskning leiar Norsk senter for berekraftig klimatilpassing – Noradapt. Senteret starta opp i desember 2018. Det har vore høg aktivitet i senteret gjennom heile 2019. Det er etablert leiargruppe, representantskap og ei eining for dagleg drift. I tillegg har det vore høg prosjektaktivitet. Senteret har løyving direkte over statsbudsjettet, og har sterke samarbeidspartnarar innan forskning, utvikling og utdanning. At senteret er etablert i Sogndal er ei anerkjenning av fagmiljøet her, som følgje av ei langsiktig satsing på klimatilpassing som fagområde. Saman med samarbeidspartnarane tek vi ansvar for produksjon av kunnskap som er nødvendig på kort og lang sikt. Målet er at kunnskapen som blir produsert, gjennom samarbeid med ei rekkje aktørar på tvers av sektorar, blir brukt til å styrke klimatilpassingsevna i både privat og offentleg sektor – til beste for samfunnet. Styret ser at dette er eit høve til langsiktig strategisk kompetansebygging, i fellesskap med mange aktørar. Styret er nøgd med at prosjektet styrkar Vestlandsforskning på området klimatilpassing, og at aktiviteten gir rom for rekruttering av nye forskarar.

Samarbeid

Høgskulen på Vestlandet (HVL) har vore ein viktig samarbeidspartnar for instituttet også i 2019. Saman med HVL utgjer vi mykje av FoU-miljøet i Sogn og Fjordane. Vi deltek i ei rekkje felles forskingsprogram og -prosjekt både innan klima, teknologi og reiseliv. Styret meiner at instituttet bør halde fram med å ha tett dialog og samarbeid med høgskulen, og vidareføre arbeidet med ei god arbeidsdeling for å sikre eit sterkt fagmiljø i Sogn og Fjordane. Vestlandsforskning har ei rekkje FoU-samarbeidspartnarar og eit stort nettverk. Styret meiner at samarbeid og arbeidsdeling med andre FoU-miljø vert viktig framover. Det vil òg samarbeid med andre aktørar, brukarar og oppdragsgjevarar som offentlege etatar, næringsliv, nettverk, klynger og andre vere. I 2019 har vi arbeidd med fleire Horisont 2020-prosjekt, finansiert av EU, der vi blant anna er koordinatorar for eit prosjekt som handlar om stordata i transportsektoren. Finansiering gjennom utviklingsavtalen mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og HVL har gjort det mogleg å ha administrativ kapasitet ved instituttet til å «serve» vår internasjonale aktivitet. I tillegg legg Forskningsrådet si finansiering av EU-nettverk Sogn og Fjordane til rette for regionalt samarbeid

om EU-forskning. Målet er fleire H2020-prosjekt og seinare Horisont Europe ved samarbeid mellom næringsliv, offentlege etatar og FoU-miljø i det nye fylket.

Aktivitet

Det har vore ei sterk auke i tal tilsette dei siste par åra. Ved utgangen av året hadde instituttet 34 tilsette, 31 forskarar og 3 administrativt tilsette. Det vart utført 28,1 årsverk ved instituttet i 2019. Det er relativt god prosjektinngang og balanse i prosjektportefølja, med både små og store prosjekt av ulik lengde. Instituttet leverer godt på vitenskapleg publisering. Anna formidlingsaktivitet har og vore god. Styret meiner det er viktig å halde fram med å prioritere den internasjonale aktiviteten i form av samarbeid med sterke internasjonale fagmiljø og deltaking i internasjonalt finansierte prosjekt, både EU-finansierte og andre. Vidare er styret nøgd med den generelle drifta ved instituttet. Trass i stor konkurranse og ein regional marknad med fleire brukarar med svak økonomi, har instituttet også i 2019 oppnådd eit positivt økonomisk resultat. Styret er oppteken av trygg økonomi som gjer det mogleg å satse framover.

Posisjon

Styret meiner det er viktig å stabilisere forskarar ved instituttet og oppretthalde talet på forskarar. Nøkttern økonomisk drift og viktige basisløyvingar frå Norges Forskningsråd og Vestland Fylkeskommune gjev handlingsrom for faglege satsingar og er avgjerande for ei positiv utvikling av instituttet. Langsiktig og målretta fagleg satsing på samfunnsaktuelle tema, kombinert med godt samarbeid med lokale, regionale og nasjonale oppdragsgjevarar, gjer at styret meiner dei strategiske måla har vore realistiske. Styret meiner det er viktig å halde fram det gode arbeidet med å gjere instituttet meir synleg både for andre fagmiljø, styresmakter og samfunnet elles ved å formidle frå forskinga vår og kva vi kan tilby av kompetanse. Vestlandsforskning må halde eit vakent blick på korleis samfunnet og strukturane utviklar seg framover og vidareføre arbeidet med å finne sin posisjon i det nye regionale landskapet. Vi bør halde fram arbeidet med å feste vår plass i forskings-infrastrukturen i nye Vestland fylke. Styret meiner Vestlandsforskning er godt budd på å møte nye utfordringar på ein god måte, med både fleksibilitet og fagleg styrke.

Årsmelding 2019 - Vestlandsforskning

RESULTATREKNESKAP

Noter	DRIFTSINTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	2019	2018
7	Driftsinntekter	38 667 083	32 215 727
	Sum driftsinntekter	<u>38 667 083</u>	<u>32 215 727</u>
	Prosjektkostnader	11 043 499	8 040 718
2	Lønskostnader	21 603 371	19 969 263
6	Ordinær avskrivning	241 652	144 731
2	Andre driftskostnader	5 026 369	3 220 543
	Sum driftskostnader	<u>37 914 891</u>	<u>31 375 255</u>
	Driftsresultat	<u>752 193</u>	<u>840 472</u>
	FINANSINTEKTER OG FINANSKOSTNADER		
	Resultat av finansposter	<u>224 047</u>	<u>-19 983</u>
	Resultat før skatt	<u>976 240</u>	<u>820 489</u>
8	Skattekostnad på ordinært resultat	-68 782	-2 678
	ÅRSRESULTAT	<u>907 458</u>	<u>817 811</u>
	OVERFØRINGER		
	Avsett til annen egenkapital	<u>907 458</u>	<u>817 811</u>
	Sum overføringer	<u>907 458</u>	<u>817 811</u>
	BALANSE		
	EIGENDELER		
	Anleggsmidler		
	Immaterielle egedelar		
6	Konsesjonar, patentar, lisensar, varemerke	331 000	378 000
	Sum immaterielle egedelar	<u>331 000</u>	<u>378 000</u>
6	Varige driftsmidler		
	Driftslausøyre, inventar, verktoy, kontormaskiner	<u>896 000</u>	<u>207 000</u>
8	Finansielle anleggsmidler		
	Langsiktige fordringar	106 941	0
	Investeringar i aksjar mv.	<u>3 754 297</u>	<u>3 714 624</u>
	Sum anleggsmidler	<u>4 981 297</u>	<u>4 299 624</u>
	Omløpsmidlar		
3	Prosjekt under arbeid	3 400 305	4 797 123
	Fordringar		
	Kundefordringar	4 386 363	7 855 208
	Andre kortsiktige fordringar	1 826 275	106 900
3	Sum fordringar	<u>6 212 638</u>	<u>7 962 108</u>
3	Bankinnskott, kontantar o.l.	26 318 351	14 076 773
	Sum omløpsmidlar	<u>35 931 294</u>	<u>26 836 004</u>
1	SUM EIGEDELAR	<u>40 912 591</u>	<u>31 135 628</u>

Årsmelding 2019 - Vestlandsforskning

GJELD OG EIGENKAPITAL		2019	2018
Eigenkapital			
	Grunnfond	4 000 000	4 000 000
	Annan egenkapital	<u>10 674 601</u>	<u>8 820 575</u>
4	Sum egenkapital	<u>14 674 601</u>	<u>12 820 575</u>
Gjeld			
Kortsiktig gjeld			
	Leverandørgjeld	4 407 212	675 461
	Skuldige offentlige avgifter	1 685 394	1 538 562
	Forskot frå kundar	16 854 112	13 888 105
	Anna kortsiktig gjeld	3 223 562	2 212 926
	Sum gjeld	<u>26 237 990</u>	<u>18 315 053</u>
1	SUM GJELD OG EIGENKAPITAL	<u>40 912 591</u>	<u>31 135 628</u>

Note 2 Lønskostnader

Lønskostnader	2019	2018
Lønn	16 079 397	15 178 686
Arbeidsgivaravgift	2 336 226	2 026 028
Andre ytingar	3 187 748	2 764 549
Sum	<u>21 603 371</u>	<u>19 969 263</u>

Selskapet har i 2019 sysselsett 34 tilsette

Foretaket er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon, og har pensjonsordning som oppfyller krava etter denne lova

Ytingar til leiande personar	Direktør	Styret
Løn	1 079 321	125 900
Pensjonskostnader	17 669	
Anna godtgjering	10918	
SUM	1 107 908	125900

	2019
Honorar lovpålagt revisjon	56 300
Andre tenester	81 350

Beløpet er eks. mva.

Note 3 Omløpsmidlar

Kundefordringar er vurdert til pålydande med avsetning for framtidig tap på kr. 0,-. Andre fordringar er i rekneskapen vurdert til pålydande.

Prosjekt under utføring er vurdert til direkte kostnader pluss påløpt honorar inklusive fortjeneste. Det er teke omsyn til eventuelle tap på prosjekta. Forskot frå kundar er vurdert til innbetalt forskot med frådrag for påløpne prosjektkostnader. Påløpne prosjektkostnader er vurdert på same måte som prosjekt under utføring.

Midlar på skattetrekkskonto (bundne midlar) er kr 750 715.

Årsmelding 2019 - Vestlandsforskning

Note 4 Eigenkapital

	Aksjekapital	Annan egenkapital	Sum egenkapital
Eigenkapital pr. 1.1	4 000 000	8 820 575	12 820 575
Korrigering tidlegare år		946 568	946 568
Årets resultat		907 458	907 458
Eigenkapital pr. 31.12.	4 000 000	10 674 600	14 674 601

Note 5 Aksjar, investeringar

Bokført verdi per 31.12

Framtidsfylket AS	18 700
Vitensenteret Sogn og Fjordane	0

Fond

Fond	Kostpris	Verkeleg verdi	Bokført verdi
Nordea Klima og Miljø	1 073 905	1 338 686	1 073 905
Nordea Plan Rente	2 554 751	2 624 731	2 554 751
SUM	3 628 656	3 963 417	3 628 656

Note 6 Anleggsmidler

	Maskiner og inventar	Nettside	Sum
Innkjøpskostnad per 1.1.2019	974 357	473 561	1 447 918
Tilgang kjøpte driftsmidler	883 652	0	883 652
Avgang i året	0	0	0
Innkjøpskostnad 31.12.2019	1 858 009	473 561	2 331 570
Akkumulerte avskrivningar	962 009	142 561	1 104 570
Bokført verdi pr. 31.12.	896 000	331 000	1 227 000
Årets avskrivningar	194 652	47 000	241 652
Avskrivingsprosent	20%	20%	

Note 7 Driftsinntekter

Spesifikasjon av driftsinntekter	2019	2018
Grunnløyvingar, Norges forskningsråd	4 718 000	4 713 000
Grunnløyvingar, Sogn og Fj. fylkeskommune	800 000	800 000
Eksterne prosjektinntekter	33 149 083	26 702 727
Sum driftsinntekter	38 667 083	32 215 727

Note 8 Skattar

Stiftinga Vestlandsforskning er skattepliktig for inntekt frå oppdragsforskning og må også betale formuesskatt knytt til denne delen.

	2019	2018
Skattepliktig resultat	367 837	47 426
Underskot til framføring	-66 880	-47 426
Skattepliktig resultat	300 957	-
Betalbar skatt 22% (25% i 2018)	66 210	-
Betalbar formuesskatt	1 500	
Sum	67 710	

Årsmelding 2019 - Vestlandsforskning

Midlertidige skilnader 31.12.

*Kundefordringar	0	-25 000
*Prosjekt i arbeid	-1 000 000	-1 000 000
*Anleggsreserve	30 126	-32 730
*Underskot til framføring		-66 879
Grunnlag utsett skatt forplikting/fordring	<u>-969 874</u>	<u>-1 124 609</u>
Skatteforplikting/skattefordel 22% (23% i 2018)	<u>-213 372</u>	<u>-247 414</u>

I høve til god rekneskapskikk for små føretak er ikkje utsett skattefordel bokført i rekneskapen pr. 31.12.2019

Skattekostnaden i rekneskapen består av:	2019	2018
Betalbar skatt formueskatt tidlegare år	1 072	2 678
Formueskatt 2019	1 500	0
Inntektsskatt 2019	66 210	
Sum skattekostnad	<u>68 782</u>	<u>2 678</u>

Note 9 Hendingar etter balansedagen

Stiftinga Vestlandsforskning har følgjande kommentarar til korleis koronautbrotet verkar inn på stiftinga:

Primære forhold:

- Etterspurnad etter varer og tenester:

Etterspurnaden etter tenestene våre, som i all hovudsak er forskning, vil kunne gå noko ned på grunn av koronapandemien på kort sikt, men vil truleg bli normalisert på lengre sikt. Det er likevel ikkje grunn til å tru at etterspurnaden vil gå dramatisk ned.

- Evne til å levere varer og tenester:

Evna vår til å levere tenester vil vere ganske god. Forskarane jobbar frå heimekontor og har relativt god tilgang på prosjekt. Det er derimot utfordrande å utføre enkelte planlagde, prosjektspesifikke oppgåver, som intervju og feltarbeid, og forskarane jobbar med å finne alternative løysingar saman med oppdragsgjevarane. I tillegg er det mange tilsette som har born som må følgjast opp (omsorgspermisjon) når barnehagar og skular er stengde eller har nedkorta opningstid. Det reduserer talet på tilgjengelege arbeidstimar til prosjektarbeid, som vil kunne påverke evna vår til å levere tenester.

Sekundære forhold:

Koronautbrotet har fått store konsekvensar for næringslivet. Enkelte av prosjekta våre er (delvis) finansierte av næringslivet. Det er difor knytt uvisse til inntekta frå desse prosjekta, og det er ein risiko for inntektssvikt. Vestlandsforskning har ein sunn økonomi med god eigenkapital. Koronapandemien kan føre til at instituttet må tære på eigenkapitalen. Vidare vil fondsinvesteringane våre vere utsette når/viss koronautbrotet gir uheldige konsekvensar i fondsmarknaden. Varsla lågare rente i bankane vil redusere renteinntekter.

Vår interesseorganisasjon FFA (Forskningsinstituttene Fellesarena) kartlegg styresmaktene sine krisetiltak for instituttsektoren, og vi vil følgje dette arbeidet tett. Vidare har Vestlandsforskning gjort ei rekkje risikoreduserande tiltak, som:

- Gjennomgang av alle prosjekt med tanke på uvisse rundt prosjektinntekter
- Tettare økonomioppfølging og økonomistyring
- Hyppigare leiarmøte
- Tett dialog med dei tilsette
- Tett dialog med instituttsektoren

Ut frå koronautbrotet sine konsekvensar for samfunnet elles, vurderer vi Vestlandsforskning som relativt godt skodd. Vi er ei lita stifting der vi kan skaffe oversikt, setje i verk tiltak og omstille oss relativt raskt. Vi har god eigenkapital og bør ut frå det vil kjenner til av effektar i dag kunne klare oss greitt gjennom krisa. Samtidig er det viktig å understreke at vi ikkje veit noko om korleis krisa vil utvikle seg vidare og kva konsekvensane blir for oss i framtida.

Vitskaplege artiklar/bøker med referee

Artiklar i bøker/konferanseproceedings

Akerkar, Rajendra Arvind; Hong, Minsung. Unlocking Value from Ubiquitous Data. I: Information and Communication Technologies in Education, Research, and Industrial Applications. Springer Nature 2019 ISBN 978-3-030-13929-2. s. 3-17

Minsung Hong and Rajendra Akerkar (2019), Analytics and Evolving Landscape of Machine Learning for Emergency Response. G. A. Tsihrintzis et al. (eds.), Machine Learning Paradigms, Learning and Analytics in Intelligent Systems 1, pp. 351-397. Springer, Cham; DOI: 10.1007/978-3-030-15628-2_11. https://doi.org/10.1007/978-3-030-15628-2_11.

